

**PROTOKOLL****Møte i Representantskapet Region Nordhordland Helsehus IKS****Møte: 2-2015****Tid: Fredag 4. desember kl. 10:00 - 10:30****Stad: Nordhordland Utviklingsselskap IKS, møterom****Til stades:**


Ordfører:	Karstein Totland, Per Lerøy, Jon Askeland, Øyvind Oddekalv, Astrid A. Byrknes, Hallvard Oppedal, Jarle Skeidsvoll, Stian Herøy, Tom Kristian Thorsen
Rådmenn:	Desse rådmennene møtte: Jan Olav Osen, Svein Helge Hofslundsengen, Ingvild Hjelmtveit, Vidar Bråthen, Øivind Olsnes
RNHI:	Håkon Matre (styreleiar), Rune Heradstveit (dagleg leiar)
Forfall:	Ingen

<b>Sak 5/15</b>	<b>Godkjenning møteinnkalling og saksliste</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> Møteinnkalling og saksliste vart godkjent.
<b>Sak 6/15</b>	<b>Val av to representantar i tillegg til leiar for underskriving av protokoll</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> Hallvard Oppedal og Jarle Skeidsvoll vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.
<b>Sak 7/15</b>	<b>Val av leiar og nestleiar til Representantskapet 2016-2019</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> Karstein Totland vart valt til leiar i Representantskapet for perioden 2016-2019. Per Lerøy vart valt til nestleiar i Representantskapet for perioden 2016 - 2019.
<b>Sak 8/15</b>	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå Representantskapsmøte 1-2015, 24. april</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> Møteprotokoll frå Representantskapsmøte 1-2015, 24. april vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 9/15</b>	<b>Orientering frå RNHI</b> Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit orienterte kort om status for arbeidet med Region Nordhordland Helsehus.
<b>Sak 10/15</b>	<b>Godkjenning av budsjett 2016 og økonomiplan 2016 - 2019 for Region Nordhordland Helsehus IKS</b> Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit la fram styret sitt forslag til budsjett for 2016, og økonomiplan 2016 - 2019. Styret godkjente budsjettet i styremøte 23. november 2015.

**Samrøystes vedtak**

- Representantskapet godkjenner framlegget til årsbudsjett for 2016.
- Budsjett og økonomiplanen baserer seg på forutsetjingar som låg til grunn ved styrehandsaming og ved handsaming i Representantskapet. Dette kan endra seg etter framlegging og handsaming av skisse- og forprosjekt. Dersom det skulle vera vesentlege endringar i budsjettet, ber Representantskapet styret koma tilbake med oppdatert budsjett.
- Representantskapet godkjenner framlegget til økonomiplan for 2016-2019.

Knarvik, 4. desember 2015



Karstein Totland  
Leiar Representantskapet  
Region Nordhordland Helsehus IKS



Hallvard Oppedal  
Medlem Representantskapet  
Region Nordhordland Helsehus IKS



Jarle Skøidsvoll  
Medlem Representantskapet  
Region Nordhordland Helsehus IKS